

## Møtereferat

Dato: 28.10.2014

Emne:	<b>Møtereferat tverrpolitisk arbeidsgruppe 10. sept. 2014</b>		
Til stades:	Gustav Bahus Atle Kvåle	FRP A	
	Frå administrasjonen møtte: Håkon Rasmussen Erlend Iversen Lise Ådlandsvik Oddmund Sylta Vigdis Robak Bjørgo Sindre Lillebø (SVV) Njål Nore (TØI)		
Forfall:	Eli Årdal Berland Alf Helge Greaker Tom Skauge  Inge Edvardsen	H V FL SV/R	Sak: 2014/15627-5
Møtetid:	09:30-12:00	Møtestad: Møterom 826, fylkeshuset	

**Møteleiar: Gustav Bahus**

**Referent: Lise Ådlandsvik/Erlend Iversen**

Saker:

- Status seminar – 16.sept.

Gjennomgang av programmet for fagseminaret.

- Brukerbetalingsnotatet – Njål Nore (TØI)

Presentasjon av TØI sitt notat om brukarbetaling for innfartsparkering. Viktige poeng som kom fram var brukarbetaling vil kunne gjere det mindre attraktiv for dei som bur nær innfartsparkeringa å køyre bil til denne. Vidare at pris frå etterspurnad og tilbod i balanse. Stimulere desse til heller å velje kollektiv, gange og sykkel. Og at den reelle etterspurnaden er vanskeleg å bestemme utan brukarbetaling, jf eksempel frå Vegdir.

- Regionale stamlinjer ved Skyss

Oddmund Sylta presenterte planane og organiseringa av dei regionale stamlinjene.

- Tal på innfartsparkeringsplassar for sykkel, og informasjon om desse

John Martin Jacobsen informerte om status for sykkelparkering ved innfartsparkeringsplassane. Ei teljing viser at det er om lag 270 plassar fordelt på alle plassar. Generelt lite bruk. Det er bruk for sikker sykkelparkering på fleire av anlegga. Det er viktig at det vert lagt til rette for sykkelparkeringsplassar på parkeringsanlegga.

- Disposisjon og framdriftsplan for strategien

Administrasjonen legg fram eit fyrste utkast til strategi på neste møte, 13/10. Saka skal fram i SAMU den 12/11, og vert deretter sendt på høyring. Slutthandsaming i marstinget 2015.

- Ymse